

## Referat frå møte i fagleg brukarråd språk og tale

**Dato/Stad:** 10. november 2021 kl. 12.00-14.00/Videomøte

### Deltakarar:

#### *Brukarrepresentantar:*

Guro Bergseth                      Dysleksi Norge  
Anette Hemmingby                Leppe-ganespalteforeningen

#### *Frå Statped:*

Marit Bollingmo                    møteleiar og leiar språk- og tale region sørøst avd 2  
Magne-Bjarte Hatlem            referent og koordinator for brukarråd språk og tale


#### *Forfall:*

Marianne Brodin                   Afasiforbundet Norge  
Ciel Waagenes Udbjørg        Norsk interesseforening for stamming og løpsk tale (NIFS)  
Elin Langdahl                    Handikappede Barns Foreldreforening (HBF)

### Godkjenning av sakliste - OK

### Saker til behandling

Sak:	
13/2021	<p><b>Orienteringar frå brukarorganisasjonane</b></p> <p><b>Dysleksi Norge</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>– hadde landsmøte i slutten av september, der dei bestemte satsingsområda for dei neste tre åra. Dei vil sjå nærare på utredningspraksisen, som dei lenge har sett varierer frå stad til stad. Dei ønsker at dette skal bli likt uavhengig av kvar ein bur.</li><li>– opplever eit vakuum no i denne overgangsperioden vi no er i der kommunane skal kompetanseheve seg på nivå 1 og 2, mens Statped skal handtere saker på nivå 3. Dei er spent på korleis tenestetilbodet til deira brukarar kjem til å sjå ut og fungere når denne overgangsperioden er over.</li><li>– er bekymra for nedlegginga av masteren i logopedi i Tromsø, då det alt er mangle på logopedar i Norge. Dei ser til Sverige der det er eit krav om at det skal vere ein logoped på kvar skule, og undrar seg over at eit studie som har gode søkartal blir lagt ned samtidig som dei ser eit stort behov for fleire logopedar.</li></ul> <p><b>Leppe-ganespalteforeningen</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>– har ikkje hatt saker som vedkjem Statped direkte.</li></ul>



	<ul style="list-style-type: none"><li>– har hatt ein krevjande drift under korona. Drifta er i stor grad knytt til lokale samlingar og til landsmøtet vårt. Der det har vert mogleg har vi gjennomført.</li><li>– planlegge landsmøte til neste sommar.</li><li>– hadde besøk av ein representant for Oslo-teamet som beskrev endringane som har blitt gjort.</li><li>– Mykje av logopedoppfølginga skjer ute i kommunane, og det fungerer ikkje. Vi skulle ønske at Statped hadde tilrettelagt for alle spaltebarna.</li></ul>
14/2021	<b>Informasjon frå Statped</b> <ul style="list-style-type: none"><li>– Status omstillingsprosessen. Det nye organisasjonskartet er no klart og innplassering til ny organisasjon er nett starta. Ny organisasjon vil tre i kraft 1. april 2022. Statped legg vekt på å at omstillinga ikkje skal gå ut over leveranse av tenestene til brukarane våre.</li><li>– Det er ikkje avgjort om det blir brukarkonferanse, skal bestemast slutten av november.</li></ul>
15/2021	<b>Ny terminologi – Utviklingsmessige språkforstyrrelser (DLD)</b> <b>Konsensusstudien i Norge</b> <p>I ein lang periode har det i Norge heitt spesifikke språkvanskar. Konsensusstudie i Norge er no gjennomført og ein har landa på <i>Utviklingsmessige språkforstyringar</i>.</p>
	<b>Eventuelt</b>

**Neste møte i fagleg brukarråd 16. mars 2022**

